

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.: DQXCST
Vår ref.: 1260947 og 1171110

17.03.2015

Insteelvane kraftverk – oppfølging av søknad om konsesjonsfritak

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 25.02.2015 med uttale om konsesjonsplikt på Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune.

Fylkesmannen vurderer at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova fordi skade og ulempe er av stort omfang for allmenne interesser. Dei allmenne interessene Fylkesmannen her peiker på er:

1. Omsynet til friluftsliv
2. Nærleiken til Ålfotbreen landskapsvernområde
3. Området er dårleg undersøkt for raudlisteartar

Firdakraft AS sendte 19.12.2012 inn melding for vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane Kraftverk. Inngrepa som fylgjer av tiltaket er slik det går fram av meldinga for vurdering av konsesjonsplikt, minimale:

- 550 m lang røyrgate nedgrave i vegkant på eksisterande veg.
- 150 m ny permanent tilkomstveg.
- Insteelvane kraftstasjon plassert ved Bjørndalen kraftstasjon.
- Erstatte eksisterande sperredam i inntak Insteelvane med ein ny som aukar vassdekkareal med ca. 3400 m².

I hovudsak er det berre heving av vassdekt areal som utgjer ei ny, liten visuell endring i tiltaksområdet. Området der røyrgate, tilkomstveg og kraftstasjon vert plassert er i dag allereie sterkt prega av vasskraftanlegg. Difor vert landskapsendringane her marginale, og Firdakraft meiner desse tiltaka påfører området minimale inngrep og låg påverknad for allmenne interesser. Vi vil også peike på at tiltaket opnar for positive effektar for miljøet i det aktuelle området.

Firdakraft kan ikkje sjå at Fylkesmannen verken har fagleg grunnlag eller legg fram dokumentasjon som på nokon måte underbygger konklusjonen om at Insteelvane kraftverk påverkar allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må konsesjonshandsamast etter vassdragslovgjevinga.

Poenga Fylkesmannen kjem med kan vere relevante i mange saker som omhandlar produksjon av ny kraft; friluftsliv, verneområder og naturmangfald. Men i denne saka kan vi ikkje sjå at påverknaden har negativ effekt på dei omtalte tema. Insteelvane kraftverk er eit opprustings- og utvidingsprosjekt og vi siterer OED (Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringar». Publikasjonskode: Y-0116 B): *«O/U-prosjekter er en skånsom måte å få fram mer fornybar energi med reguleringsmulighet, fordi O/U-prosjekter i all hovedsak vil være knyttet til eksisterende magasiner og anlegg..»*

Oppsummert meiner Firdakraft at det ikkje er lagt fram faglege moment som tilseier konsesjonsplikt for tiltaket. Styresmaktene prioriterer O/U-prosjekt og fornybarsatsinga er nasjonal politikk. Vi meiner derfor at Fylkesmannen sitt innspel om konsesjonshandsaming av tiltaket etter vassdragslovgjevinga ikkje kan takast til følgje.

I tillegg til å uttale seg om konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk kommenterer Fylkesmannen også si eiga uttale av 2.07.2013 om at det ikkje vert tilrådd konsesjonsplikt for eit ev. nytt Øksenelvane kraftverk. Fylkesmannen kommenterer også «stykkevis og oppdelte søknader» og forholdet til revisjonsbestemmelser i vassdragslovgjevinga.

Firdakraft vil peike på at miljø-/vassdrags- og energiforvaltninga skal skje med heimel i lover, forskrifter og til ei kvar tid gjeldande regelverk, og har følgjande kommentarar.

1. Eit eventuelt nytt Øksenelvane kraftverk er ei rein fornying av eksisterande vassveg og kraftverk inne i fjellet utan at det er planlagt endring av reguleringskonsesjonane. NVE sitt vedtak av 24.10.2013 om at tiltaket ikkje utløyser konsesjonsplikt etter vassdragslovgjevinga må klart vere rett.
2. Vassdragsanlegg består av mange ulike komponentar med ulik teknisk /økonomisk levetid og behov for rehabilitering. Energimarknadene er i kontinuerleg endring slik at t.d. samfunnsmessig nytteverdi ved energi, effekt og magasin (reguleringsevne) også vert endra. Energi- og miljø-politikken vert også

endra i dynamiske prosessar. Utvikling av anleggsmassen inklusiv opprustings- og utviklingsprosjekt (o/u) bør vere ei samfunnsmessig optimalisering av alle desse forholda. Det betyr at kvart prosjekt må vurderast på ein skikkelg måte som ein del av heilskapen, men om alle tiltak alltid skal vurderast mot andre eventuelle tiltak så hindrar dette framdrifta i for stor grad.

Firdakraft (og SFE Produksjon) registrerer at Fylkesmannen ber om eit «møte med NVE for å gå gjennom dei mange kraftprosjekta i Ålfoten-området». SFE Produksjon/ Firdakraft legg til grunn at regulant og tiltakshavar vert invitert om forvaltninga ser føremål med eit slikt møte. SFE vil gjerne ha god dialog med alle delar av forvaltninga for å bidra til gode og fagleg baserte løysingar innan energi- og vassdragsforvaltning og stiller gjerne opp for dette.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS / Firdakraft AS


.....

Ola Lingaas

Konserndir. Produksjon

.....

Jan Inge Erdal

Plansjef SFE-P / Dgl. Leiar Firdakraft

Kopi:

Bremanger kommune

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane